

TILVENNING AV NYE BARN I BARNEHAGEN NORD-FRON KOMMUNE



«BETRE BARNEHAGESTART MED MEIR TID SAMAN»

«BARNET I SENTRUM»

«NYARE FORSKNING»

«ERFARINGAR FRÅ EIGEN PRAKSIS»

Forsking viser at foreldra spelar ei viktig rolle ved barnehagestart. Med mor og/eller far tilstade er barna mindre stressa og dei føler seg tryggare.

Stadig fleire barnehagar tek nå konsekvensen av dette og brukar meir tid på tilvenning.

I dei kommunale barnehagane våre har vi hatt ulik praksis når det gjeld tilvenning. Fleire har brukt den tradisjonelle tilvenningsmetoda, der foreldra har vore tilstade saman med barnet nokre timar den fyrste dagen, for så å gradvis forlate barnet meir og meir dei to andre dagane. Etterkvart har vi sett at denne type tilvenning ikkje har ivareteke barnet sitt behov for tilknytning på ein god nok måte. Den er heller ikkje i tråd med nyare forsking eller vårt eige syn på små barn.

I kommunen har vi gode erfaringar rundt det å tenkje og gjere tilvenninga på ein annan måte.

Slik gjennomfører vi tilvenninga:

1. START TILVENNINGA TIDLEG

Barnehagen legg til rette for at barn og foreldre kan kome på besøk så fort som mogleg etter at ein har takka ja til barnehageplass. Foreldre må ta kontakt for å avtale besøk. Pedagogane kan òg besøke barnet heime.

2. DIALOG

Det er alltid viktig med god og tett dialog mellom foreldre og barnehage, og særleg viktig før oppstart og under tilvenninga.

3. VI BRUKER OVERGANGSOBJEKTER

La barnet ha med eit bilete av familien og heimen sin i barnehagen. Andre overgangsobjekt kan vera kosedyr, bøker etc. Omvendt kan barnet òg få eit bilete av barnehagen og dei tilsette med seg heim.

4. LEVERING

Sørg for å ha nok tid ved levering. Den barnehagetilsette som tek imot kan setje seg på golvet, slik at barnet sjølv har moglegheit til å gå frå foreldra til den tilsette når det kjenner seg klar. På den måten føler barnet at det sjølv er med på å bestemme når han/ho er klart til å si «hade» til foreldra.

5. VIS INNLEVING

Den som tek imot har fokus på barnet. Når vi tek imot bruker vi vår evne til å leve oss inn i korleis det er å vere barn, som skal bli kjent på ein ny plass med nye menneske.


6. TA BARNET PÅ ALVOR

Vi tek barn som gret på alvor. Barn gret ikkje for å være vanskelege, men fordi dei føler seg utrygge i situasjonen. Dei tilsette i barnehagen har kunnskap om trygghet og tilknytning, dei er der for å ivareta barn og foreldre.

Forskning viser at ein tilknytingsperson letter små barn si tilvenning. Det hjelp også barnet at det er fleksibelt kor mange dagar foreldra kan vere med barnet i barnehagen.

De fleste barn har utvikla ei trygg tilknytning til ein eller to omsorgspersoner når dei byrjar i barnehagen. Viktige kjenneteikn på trygg tilknytning er omsorgspersonen si evne til å roe og trøste barnet, og barnet si evne til å ta imot trøst, bli roleg og bruke tida si på leik og utforsking. Tilknytingspersonen si hovudoppgåve er å fungere som ei trygg havn, det vil si ta imot barnet når det har behov for trøst og omsorg, og å vere ei trygg base for barnets utforsking, leik og læring. Dette er tydeleg beskrive i trygghetssirkelen, ein modell utviklet for å sjå barnets behov og korleis den vaksne kan tilfredsstille disse på ein god måte. Personalet i alle dei kommunale barnehagane har vore på kurs i denne modellen.

Hovudoppgåva i barnehagen i oppstarten er å organisere tilvenninga på ein slik måte at barnet kan oppnå ein sekundær tilknytning, det vil si å utvikle ein trygg tilknytning til ein ny voksen i barnehagen. Personalet må få den nødvendige tida til å lære barnet å kjenne, slik at han eller ho klarer å roe og trøste barnet.



Barnehagestart er ein stor overgang i eit lite barns liv. Det er et skifte frå å ha vore heime med foreldra sine med forutsigbar kvardag, til ein arena med mykje folk og nye rutinar. Små barn treng lang tid på å gjere seg kjent og føle trygghet.

På bakgrunn av dette ønskjer vi:

- Å gå bort i frå at tilvenninga til små barn skal vere fastsett til 2-3 dagar. Vi ønskjer at denne tida skal være meir fleksibel ut ifrå barna sine behov.
- At under tilvenningstida vil foreldra ha ansvar for sitt eige barn, dei skal vere saman med det ved bordet, leike med det og skifte bleier på det. Det er nyttig for at barnet skal bli tryggast mogleg.
- At kvart barn får sin kontaktperson. For at barn skal få ein trygg tilknytning til ein vaksen, må det fyrst etablere ein nær og omsorgsfull relasjon preget av lydhørhet, nærleik, ømheit, hengivenhet, innlevelse, evne og vilje til samspel. Den vaksne må by på seg sjølv, vere følelsesmessig tilgjengeleg og påkobla.
- Dersom barnet ikkje finn trygghet i barnehagen etter oppstart kan vi tilby heimebesøk. Dersom foreldra veit at barnet er sensitiv/utrygg i forhold til nye folk/eller at foreldre av andre årsaker ønskjer det, kan ein avtale heimebesøk før barnehagestart, slik at det fyrste møtet finn stad på den arenaen der barnet er tryggast.

